



Bømlo  
kommune

# Kva skjer

Her er nokre av aktivitetane i nærområdet ditt  
**23. september til 29. september**

## **Måndag 23. Kl. 19.00 - Riksteatret: Bare Elling - Bømlo kulturhus**



Forteljinga om Elling har gått sin sigersgang kloden rundt både som film og teater. Det første teaterstykket om denne engstelege mannen er verdas mest spelte moderne norske stykket. "Bare Elling" er ei morosam og gripande skildring av eit einsamt menneske med mange meiningar og sterke nevrosar. Billettar kan kjøpast på nett og i Bømlo kulturhus. Bill.pris kr 440.



## **Tysdag 24. Kl. 11.00 - Senioruniversitetet - Bømlo kulturhus**

Denne tysdagen kjem professor Sven Svebak med tema "Humor og helse". Bill.pris kr 150 inkluderar lappar og kaffi i pausen.



## **Onsdag 25. Kl. 10.00 - Aktiv til 100 - Gapahuk i Stangervågen**

Roleg tur til gapahuken v/Vassbotn. Oppmøte ved parkeringsplassen i Brubakken. Arrangør: Bømlo turlag.



## **Onsdag 25. Kl. 18.00 - Framtidsfullmakt - Bømlo folkebibliotek**

Temakveld i biblioteket med banksjef i Sparebanken Vest på Bømlo, Vivi Tranøy Loftheim. Målet med kvelden er at fleire skal få ei betre forståing om kva ei framtidsfullmakt er og korleis ein kan laga det til. Arrangementet er gratis.



## **Torsdag 26. Kl. 17.30 - Kafe - Huset på kaien**

Framtid for Lykling inviterer til torsdagskafe i Huset på kaien. Alle er velkomne.

**Ynskjer du informasjon om fleire aktivitetar?**

Gå til nettsidene [bomlo.kommune.no](http://bomlo.kommune.no)

Leveres i  
samarbeid med



# Nytt og nyttig

## Digitaliserte kulturskattar



All [Popular tracks](#) Tracks Albums Playlists Reposts

[Station](#) [Follow](#) [Share](#)

Bømlo Kommune 038 - Søren Sørensen - Side A 1 year ago

Followers 12 | Following 0 | Tracks 362

Go mobile

**Bømlo kommune har digitalisert gamle lydkassettar med historisk innhald. Desse kulturminna er ei kjelde til kunnskap om eiga historie, opplevingar, grunnlag for verdiskaping og styrking av identitet, fellesskap og stadtihørsle.**

Her finn du opptak av samtalar med personar som fortel om sine levevilkår rundt århundreskiftet, minnestoff frå okkupasjonsåra, om skulen før i tida, misjonsforeiningsliv, song- og musikk-tradisjonar m.m. Opptaka er spor etter menneska sitt liv og virke, knytt til historiske hendingar, tru og tradisjon. Spora finn du ved å setje mobilkamera føre denne qr-koden og trykkje på linken som kjem opp.

Du finn det også ved å gå inn på Bømlo kommune sine nettsider:  
<https://www.bomlo.kommune.no/tenester/kultur-idrett-og-frivillighet/kulturvern-og-kulturminne/lydarkiv/>



### Kontaktinformasjon Bømlo kommune:

E-post:  
[postmottak@bomlo.kommune.no](mailto:postmottak@bomlo.kommune.no)  
Telefon: 53 42 30 00

**Er det noko du saknar i dette informasjonsarket?**

Ta kontakt på [kommunetest@posten.no](mailto:kommunetest@posten.no)